



Prosjektstyring Vest AS
Postboks 66

5318 STRUSSHAMN

Dykkar ref.
Vår ref. Ole Christian Børtveit

Journalp.ID 13/5069
ArkivsakID 2013000182
Arkiv nr. GBNR-22/218, N-511

Dato 06.05.2013

GODKJENNING - PLANERING OG GRUNNARBEID FOR RESTERANDE AREAL I MJÅTVEIT NÆRINGS-PARK, GNR 22 BNR 218.

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Plan, utbygging og kommunalteknikk	06.05.2013	OCB	134/13

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	24.01.2013	Prosjektstyring Vest AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - PLANERING OG GRUNNARBEID FOR RESTERANDE AREAL I MJÅTVEIT NÆRINGS-PARK, GNR 22 BNR 218.
2	U	25.01.2013	Prosjektstyring Vest AS	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 22 BNR 218.
3	U	26.03.2013	Prosjektstyring Vest AS	GODKJENNING - PLANERING OG GRUNNARBEID FOR RESTERANDE AREAL I MJÅTVEIT NÆRINGS-PARK, GNR 22 BNR 218.

Eigedom: 22 / 218 / /

Byggjeplass: Mjåtveit næringspark

Tiltakshavar: Mjåtveit Næringspark AS

Ansvarleg søkjar: Prosjektstyring Vest AS

Planstatus: Regulert i reguleringsplan for næringsområdet Mjåtveit – Dalstø, og i detaljregulering for Mjåtveit Næringspark

Tekniske anlegg: Bakkeplanering, VA-anlegg og tilkomstvegar.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41 A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 11 61

Bankkonto:
1503.18.83722

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

Søknad om: Løyve i eitt trinn etter plan- og bygningslova §20-1.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 stempla motteke 25.01.2013 i Meland kommune. Søknaden gjeld grunnarbeid, opparbeiding av vegar og VA-anlegg i samband med bygging av næringspark på gnr. 22 bnr. 218 på Mjåtveit.

Det vart i vedtak DNT 182/12 gitt løyve til bakkeplanering, veg, og VA-anlegg for tomtene som i vedlagt tomtekart er merka som tomt 4 og 6. Det er ikkje vesentlige endringar i høve dette løyvet. I samband med denne søknaden vart det vist ferdig projektering av veg, vatn og avløpsanlegg for heile området.

Det vart i vedtak DNT 324/12 gitt løyve til bakkeplanering, veg, og VA-anlegg for tomtene som i vedlagt tomtekart er merka som tomt 3, deler av tomtene 5 og 10 tomtene 7, 8, 9, 12 og 17. Det er ikkje endringar i høve dette løyvet.

Det løyvet gjeld planering av resten av næringsarealet, det vil seie dei tomtene som ikkje tidligare er godkjent.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for næringsområdet Mjåtveit – Dalstø regulert til område for kombinerte føremål: Forretning/Kontor/Industri.

Eigedomen er i detaljreguleringsplan for Mjåtveit Næringsområde, til dels sett av til område for "Næring/offentleg eller privat tenesteyting", dels sett av til Næring/Forretnign/Kontor, dels til Næring/industri/Lager, og til dels til køyreveg og fortau.

Det viste tiltaket er i samsvar med reguleringsføremåla.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket:

Bakkeplaneringa skal ha plassering og høgder som vist på situasjonskart og terrengprofilar stempla motteke 25.01.2013. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplan og Pbl § 29-4.

Planløyving og utsjånad.

Tiltaket har forsvarleg planløyving og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Infrastruktur

Veg, vatn og avløpsanlegg er detaljprosjektert i samband med den søknad godkjent i vedtak DNT 182/12, og skal utførast som godkjent.

VEDTAK

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til grunnarbeide for resterande del av næringsområdet Mjåtveit næringspark, samt bygging av veg-, vatn- og avløpsanlegg på gnr. 22 bnr. 218 i samsvar med søknad stempla motteke 25.01.2013.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 25.01.2013.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Prosjektstyring Vest as Organisasjonsnummer 990 353 913 Sentral godkjenning	SØK tkl 2 Ansvarlig søker
Cowi As Organisasjonsnummer 979 364 857 Sentral godkjenning	PRO tkl 2 Ansvarlig prosjekterande for vegar og grunnarbeid i næringsområdet.
Vassbakk & Stol AS Organisasjonsnummer 927 048841 Sentral godkjenning	UTF tkl 2 Ansvarlig utførande for grunnarbeid i næringsområdet.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk


Anny Bastesen
Sektorsjef teknisk



Ole Christian Børtveit
Byggjesakskonsulent

Kopi til:

Mjåtveit Næringspark AS

